

200904221-25
TBC

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Skogestrand, 27. januar 2015.01.27

HØYRINGSUTTALE
ODDMUNDSDALEN KRAFTVERK, VAKSDAL KOMMUNE
Registreringsnr. 5869
Saksnummer 200904221

Sakshandsamar Tor Carlsen.

Uttalen gjeld gnr. 73, bnr. 10, Dalaflaten.

Konsesjonssøknaden nemner ikkje at det ligg ei hytte i umiddelbar nærleik til kraftverket.
Her er heller ingen vurdering av kva ulemper kraftverket kan føra til.

Eg vil derfor nemna nokre punkt som eg meiner må takast opp til vurdering:

VASSFORSYNING:

Me har innlagt vatn frå ei kum som står i elvebreidden. Her renn vatn igjennom og forsyner oss heile året. Med redusert vassføring, fryktar me å mista vatnet, eller få dårlegare forsyning.
Kva plikter har utbyggjar for å sikra oss?

PLASSERING AV KRAFTSTASJON OG TILKNYTNINGSPUNKT.

Kraftstasjonen er tenkt plassert ca 50 m frå hytta. Nærleiken til hytta vil føra til ei foringing av verdien. Reknar med at reglar for støydemping vil bli fulgte, så me slepp evt. støyplager.

Tilknytningspunktet vert til eksisterande kraftledning, kV 22. Det er vanskeleg å lesa ut frå teikninga, vedlegg 3, kor dette er nøyaktig, men lina går forbi hytta, og me får også straumforsyning frå denne lina. BKK sette for nokre år sidan opp transformator i ei mast, og me har eigen ~~nettstasjon~~. Vert påkoblingspunktet for kraftverket det same som me har? I så fall, vil dette gå ut over vår straumforsyning?

Ber om at plassering av kraftstasjon og tilknytningspunkt vert vurdert på nytt. Å plassera kraftstasjonen lenger nede på traktorvegen, på pynten i nærleiken av grinda vil føra til at ein kan knyta seg til mast på venstre side av elva. Då slepp de grava på "vår" side av elva og unngår skade på vasskabel og kum. De unngår også graving rundt vår eigedom når kabel skal gravast ned.

Ber om at NVE vurderer desse punkta og syter for, eventuelt med pålegg til Norsk Grønnkraft, at me ikkje vert skadelidande dersom konsesjon vert gjeven.

I lista over grunneigarar er ikkje mitt namn teke med. Eg reknar med at det er fordi desse grunneigarane er utbyggjarane. Eg synes likevel det er rart at eg, som grunneigar, ikkje er informert om planane før eg ser kunngjering om konsesjonssøknad i lokalavisa, VP.

* *nettstasjonen
er det me som
har kosta.*

Som nærmeste nabo til kraftverket/kraftstasjonen, blir det eg og min familie som får dei største ulempene ved ei utbygging, både i anleggsperioden og i verste fall når kraftverket er i gong.

Med denne høyringsuttalen vonar eg me unngår det siste, det vil sei at det vert gjort tiltak som hindrar at me vert skadelidande ved eventuell utbygging, så me framleis kan gle oss over å vera i hytta. Ho har trass alt vore i bruk sidan byrjinga av 1940-talet.

Med vennleg helsing

Martha Agathe Hatlestad

Martha Agathe Hatlestad
Gnr. 73, bnr. 10, Dalaflaten.

mahatlestad@gmail.com
90953365